



Lykkeliten barnehage,
Leitet 3,
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1203 - 14/13073

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
28.05.2014

Rapport frå tilsyn i Lykkeliten barnehage.

Lindås kommune har gjennomført tilsyn i Lykkeliten barnehage i samsvar med § 16 i Lov om barnehagar. Tilsynet er utført i samsvar med interkommunal «Plan for tilsyn i barnehagar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy». Planen er vedteken i Lindås kommunestyre.

Tilsynsorganet var samansett av:

- Astrid Namtvedt Sylta, rådgjevar barnehage, Lindås kommune.
- Åshild Hope Herland, styrar, Austrheim kommune.

Tema for tilsynet var Lov om barnehage § 3 «Barns rett til medverknad».

Tilsynet har lagt følgjande dokument til grunn:

- Lov om barnehagar.
- Rammeplan for barnehagar.
- Styrar si utfyllte sjekklister.
- Barnehagen sin årsplan.

Tilsynet vart gjennomført som intervju og samtalar om praksis knytt til barns medverknad. Tilsynsorganet har gjennomført intervju / samtalar med:

- Assistent Anita Lilleskare.
- Pedagogisk leiar / disp. Jorunn Tjore.
- Styrar Cathrine Taule.



Konklusjon:

Der er tilsynsorganet sitt syn at årsplanen i Lykkeliten barnehage er i samsvar med intensjonane i Lov om barnehagar og Rammeplan når det gjeld barnehagen sitt innhald og oppgåver. Vi ser at fokus på barns rett til medverknad pregar det daglege arbeidet i barnehagen.

Prinsippa for barns rett til medverknad er godt ivaretekne i Lykkeliten barnehage.

I samband med tilsynet vart vedtekten til barnehagen kontrollert jfr. § 7 i Lov om barnehage. Som avtalt skal Lykkeliten barnehage gjere nokre endringa og snarast mogeleg sende nye oppdaterte vedtekter til kommunen.

Med helsing

Åshild Hope Herland
styrar

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lykkeliten barnehage,

Leitet 3,

5911

ALVERSUND